

# BACHELOROPPGÅVE

## Vanskelege samtalar med foreldre

Ei kvalitativ undersøking om kva erfaringar lærarar legg vekt på om dei må ha ein vanskeleg samtale med foreldra om eleven

av

110 Elisabeth Fjellanger Fosse

**Difficult conversations with parents**

Grunnskulelærer 5.-10.

PE379

Mai 2015



**Avtale om elektronisk publisering i Høgskulen i Sogn og Fjordane sitt institusjonelle arkiv (Brage)**

Eg gir med dette Høgskulen i Sogn og Fjordane løyve til å publisere oppgåva (Vanskelege samtalar med foreldre) i Brage dersom karakteren A eller B er oppnådd.

Eg garanterer at eg har opphav til oppgåva, saman med eventuelle medforfattarar. Opphavsrettsleg beskytta materiale er nytta med skriftleg løyve.

Eg garanterer at oppgåva ikkje inneheld materiale som kan stride mot gjeldande norsk rett.

Ved gruppeinnlevering må alle i gruppa samtykke i avtalen.

Fyll inn kandidatnummer og namn og set kryss:

110, Elisabeth Fjellanger Fosse

JA

NEI

## Innhold

1.0 Innleiing .....	4
1.1 Bakgrunn for val av tema .....	4
1.2 Problemstilling.....	4
2.0 Metode .....	5
2.1 Kvalitativ og kvantitativ metode.....	5
2.2 Val av metode.....	5
2.3 Val av respondentar .....	6
2.4 Validitet, reliabilitet og etikk.....	6
2.5 Analyse av data.....	7
3.0 Teori.....	7
3.1 Samtalar med foreldre .....	7
3.2 Korleis førebu seg og gjennomføring av samtalen.....	8
3.3 Kvifor blir nokre samtalar vanskelege? .....	9
3.4 Foreldresamarbeid og faktorar som fremjar godt samarbeid .....	10
3.5 Rollar.....	11
3.6 Reaksjonar frå foreldre.....	11
3.7 Etterarbeidsfasen .....	12
4.0 Empiri .....	12
4.1 Å ta opp vanskelege tema i samtalar med foreldre .....	12
4.2 Korleis førebu seg og gjennomføring .....	13
4.3 Kven er samtalen vanskeleg for?.....	14
4.4 Reaksjonar frå foreldre.....	14
4.5 Foreldresamarbeid .....	15
5.0 Drøfting.....	15
5.1 Å ta opp vanskeleg tema i samtalar med foreldre .....	15
5.2 Førebuing og gjennomføring av samtalen .....	16
5.3 Reaksjonar frå foreldre.....	17
5.4 Godt samarbeid med foreldra.....	17
5.5 Drøfting av metode .....	18
6.0 Avslutning og konklusjon.....	18
7.0 Litteraturliste:.....	20
8.0 Vedlegg .....	22

## Innleiing

Eg har fått eit lite innblikk korleis det er å vere lærar etter 3 tre år som lærarstudent. I denne oppgåva vil eg undersøke kva erfarne lærarar legg vekt på om dei må ha ein vanskeleg samtale med foreldre om eleven. Eg vil sjå på korleis ein lærar tek opp vanskelege tema om eleven i samtalar med foreldre, og korleis ein førebur seg i dette arbeidet. Eg har valt å bruke «samtalar med foreldre», sidan det ikkje er eit fasitsvar på kva samtaleform som er best. I praksis fekk eg observera fleire konferansetimar. Kontaktlærar skal ha ein planlagt og strukturert samtale med foreldra minst to gongar i skuleåret. Skulen skal i følge opplæringslova §1-1 og 13-3d sørge for samarbeid med heimen. Desse samtalanene skal ha eleven i fokus, og bidra til eleven si faglege og sosiale utvikling (Utdanningsdirektoratet, 2010). Samtalanene eg observerte gjekk som planlagt. Dersom dei ikkje gjer det, fekk eg ideen om å skrive om dette temaet. Eg meina det vil vera relevant for nyutdanna lærarar å ha meir kunnskap om dette. Sidan det er eit vanskeleg tema, er det viktig å ha kunnskap om korleis ein kan gripe tak i det.

### 1.1 Bakgrunn for val av tema

Mange kan sjå på det å ta opp eit vanskeleg tema om eleven i samtalar med foreldre som ei stor utfordring. Glaser (2013) påpeikar at dette er ei av dei største utfordringane lærar møter på i samarbeid med foreldre. Når fagpersonar gruar seg til å ta opp eit tema med foreldre som dei trur det kan oppstå ueinigheit om, der dei må ta opp noko som gjeld barnet deira, blir det ofte omtalt som «vanskelege foreldresamtalar» (Glaser, 2013, s. 116). Målet med bacheloroppgåva er å få erfarne lærarar til å dela sine røynsler på dette området. Grunnen til at eg har valt å skriva om dette, er at eg tykkjer det er eit interessant fagfelt, og som nyutdanna lærar ser eg på det å vera best mogeleg førebudd her som ein god tryggleik i arbeidet.

### 1.2 Problemstilling

Dalland (2012) forklarar at problemstilling blir brukt om eit spørsmål som blir stilt med eit bestemt formål, på ein så presis måte det let seg gjera belyst gjennom bruk av metode (Dalland, 2012, s. 128).

Problemstillinga mi er:

*«Korleis kan ein lærar ta opp vanskelege tema om eleven i samtalar med foreldre, og korleis kan ein førebu ein seg?»*

Eg vil svara på problemstillinga sett i lys av teori og svar frå intervju, og trekkje inn anna relevant teori.

## 2.0 Metode

Når ein skal gjennomføra ei undersøking eller eit forskingsprosjekt, må ein nytta seg av ein metode. Metode er eit reiskap som er ein framgangsmåte for å få svar på spørsmål og få ny kunnskap innan eit område (Larsen, 2007, s. 17) Kunnskap om metode er eit hjelpemiddel der ein kan reflektera kritisk over funna ein har komme fram til, der ein kan fanga opp og diskutera funna. Dalland (2012) påpeikar at metode er eit reiskap ein brukar for å samla inn data for noko ein vil undersøka. Ein skil mellom kvalitativ og kvantitativ metode som eg nedanfor utdjupar meir om.

### 2.1 Kvalitativ og kvantitativ metode

Larsen (2007) forklarar at i samfunnsvitskapen skil ein mellom kvalitativ og kvantitativ metode. Samfunnsvitskap er ein samlebetegnelse for fleire fagdisiplinar, som er opptekne av menneske og samfunn. Jacobsen (2013) forklarar kvalitativ metode blir brukt når ein vil gå i djupna og avgrensa undersøkinga. Kvalitativ data blir samla inn gjennom samtalar med menneske, der dei kan uttrykkja seg skriftleg eller munnleg. Metoden er brukt når ein vil undersøka og beskriva menneska sine opplevingar og erfaringar. Den blir som oftast brukt når det skal gjerast undersøking av nokre få og for å få kvaliteten av direkte kontakt og møte med respondentane. Ein går i djupna der ein prøver å finne forståingar og samanhengar. Denne metoden har ein fordel ved at det blir mindre misforståingar og ein betre kvalitet av det ein undersøker. Den enklaste definisjonen på kvalitative data er at det er data i form av ord, setningar og uttrykk. Den er ikkje målbar og let seg ikkje talfesta (Jacobsen, 2013).

Jacobsen (2013) forklarar vidare at kvantitativ metode tek for seg mange einingar og informasjonen som blir samla inn er forhandsdefinert av undersøkinga. Hensikta med ein slik metode er å få inn lett systematiserbar informasjon som kan leggjast inn på datamaskin, slik at ein kan analysa mange einingar samla. Det betyr at forskingsmetoden er målbar, der resultatane kan uttrykkast i tal eller andre mengder. Denne metoden blir ofte brukt når det er store mengder data som skal samlast inn. Det er ein metode som dominera ved innsamling av primærdata, som er spørjeskjema med lukka spørsmål. Her har ein laga kategoriar respondenten kan svara ut frå.

### 2.2 Val av metode

Kva forskingsmetode ein vel er avhengig av kva ein skal undersøka. For å finne svar på problemstillinga mi ved å belyse med teori, er det kvalitativ metode eg har valt. Det er denne metoden som vil meg best svar, sidan det er her ein går i djupna for å finne forståingar og samanhengar. Formålet med kvalitativt intervju er å få tak i intervjupersonen si eiga beskriving av det som blir spurd om (Dalland, 2012). Eg intervjuar tre lærarar i eit skriftleg kvalitativt intervju.

Eg skulle i utgangspunktet gjennomføra intervjua munnleg, men grunna tid og reise valte eg å gjere eit skriftleg kvalitativt intervju, eit postintervju. Dalland (2007) forklarar at eit postintervju er når respondenten noterer sjølv ned svara sine i eit spørjeskjema. Fordelar med postintervju er at respondentane får mogelegheit til å bruke lengre tid til å svare og tenkje seg om før dei svara, og gir absolutt anonymitet. Ulemper ved postintervju er at det er ei krevjande innsamling og omfattar opplegg for purring. Det gir og få mogelegheita til å kontrollera respondenten si forståing og tolking av spørsmåla (Dalland, 2007, s. 208). Sjølv om intervjua vart gjennomført skriftleg, svara respondentane beskrivande og ga full mogelegheit for å utdjupa meir om noko var uklart. Det nytta eg meg av. Det var og lettare å få gjennomføre det skrifteleg i forhold til eit munnleg intervju, der begge partar skal finna eit passende tidspunkt, som ofte krev meir planlegging.

### 2.3 Val av respondentar

Jacobsen (2013) forklarar at val av respondentar er avhengig av kva ein ynskjer å finne ut. Ein kan gjera det strategisk, der ein vel ut personar ein meina har bestemte kunnskapar og erfaringar, eller gjere det tilfeldig. Eg tok kontakt med ein rektor på ein skule utanfor Sogndal, sidan det er stort trykk på skulane her. Rektor var svært villig til å hjelpe meg med å finne respondentar. I tillegg valte eg å sende e-post til nokre lærarar sidan han hadde mykje å gjere i andre samanhengar. Eg fekk raskt tre respondentar. Eg visste på forhand at dei var erfarne lærarar innan grunnskulen, dermed gjore eg eit strategisk val.

Respondentane fekk tilsendt informasjonsskriv og intervju spørsmål på e-post (sjå vedlegg 1 og vedlegg 2). Jacobsen (2013) påpeikar den grunnleggande føresetnaden for informert samtykkje er at den som skal delta i undersøkinga deltek frivillig, og at dei er innforstått med kva dei inneber å vera med i ei slik undersøking. At dei sjølv bestemmer og tykkjer det er interessant å vera med (Jacobsen, 2013, s. 31). Det første eg gjore var å sende e-post om kva oppgåva handla om, og om dette var av interesse å vera med på. Eg fekk svar at dette var av interesse, då vart informasjonsskriv og intervju sendt ut til respondentane. Eg presiserte at all informasjon ville vera anonym.

Respondentane vil bli omtala som lærar 1, lærar 2 og lærar 3 i oppgåva.

Lærar 1 har jobba som lærar i grunnskulen i 18 år, lærar 2 i 38 år og lærar 3 i 17 år. Alle respondentane er kvinner.

### 2.4 Validitet, reliabilitet og etikk

Larsen (2007) seier at ved ei undersøking må ein velje ut variablar som betyr noko for det ein skal undersøkje. Når ein skal bestemma kva variablar ein ynskjer å trekkje inn i oppgåva, er det to ting som er viktig å ta omsyn til. Å sikre høg grad av validitet og reliabilitet, er for å gjera undersøkinga så truverdig som mogeleg.

Larsen (2007) påpeikar kor stor validitet informasjonen ein får har, vil sei kor relevant og gyldig den er. Det er då viktig at data som blir samla inn er relevant i forhold til problemstillinga. For å sikra å stille dei rette spørsmåla, gjekk eg fleire gongar gjennom for å sikra høgast validitet. Reliabilitet går på nøyaktigheit og pålitelegheit. Høg reliabilitet vil sei at ein annan person skal kunne gjera nøyaktig same undersøking for å få same resultat (Larsen, 2007, s. 38-39)

Jacobsen (2013) seier etikken rører ved menneskelege samhandlingar, og det er viktig som lærar å ha kunnskap om dette. Ethiske dilemma kan oppstå når ein skal undersøkje noko. Informert samtykke, krav til privatliv og krav til korrekt attgjeving er tre aspekt respondentane har krav på. I oppgåva har eg etter beste evne teke omsyn til dette. Respondentane har frivillig delteke i undersøkinga, blitt referert som lærar 1, 2, og 3 og all informasjon er anonymisert.

## 2.5 Analyse av data

I analysen av data har eg støtta meg til Christoffersen og Johannesen (2012). Dei påpeikar at innsamla data må analyserast og tolkast. Eg har gått gjennom intervjua fleire gongar for å finna dei meiningsbærande elementa frå intervjua og laga ei oversikt. Eg har skilt ut det som var relevant for problemstillinga og oppgåva, og organiserte det etter tema for å avdekka og organisera dei meiningsfulle utsnitta, slik at eg lettare kan analysera. Dette er ei systematisk gjennomgang av materiale eg fekk frå dei eg intervjuar (Christoffersen og Johannessen, 2012, s. 101). Dette har gjort det lettare å sjå det mot relevant teori.

## 3.0 Teori

Teori kan oppfatta noko abstrakt mens praksis er det konkrete. I samfunnsvitskapen blir teori satt opp mot praksis forstått som empiri, der empiri er dei data som er samla inn og analysert. Der teorien er generelle vurderingar om verkelege forhold (Johannesen, Tufte og Veiden, 2006, s. 103) I denne teoridelen vil eg koma med teori som er relevant for oppgåva. Her vil eg koma med avklaringar og definera omgrep om kva som kjenneteiknar tema eg tek opp. Eg vil koma med teori som belyser til problemstillinga mi, men og trekkje inn anna relevant teori for oppgåva.

### 3.1 Samtalar med foreldre

Drugli og Onsjøen (2010) definera samtale som dialog mellom to eller fleire personar. Dialogen er idealet for ein god samtale med foreldre. Ein god samtale kan handla om eit problem, og gi stort rom for ueinigheit. Sjølv om partane er ueinige, skal dei respektera kvarandre. Dialogen gir rom for felles utforsking og refleksjon mellom partane, der dialogen fremjar ei felles forståing av eleven. I dialog skal det vera stor grad av gjensidigheit, som sikrar at foreldre og lærar har innverknad på kvarandre.

Det er viktig at begge partar forsøk å forstå kvarandre i staden for å overtala (Drugli og Onsøyen, 2010).

For å gjennomføra samtalar med foreldre, må lærar ha kunnskap om kommunikasjon.

Kommunikasjon er sjølv grunnlaget for det å etablere relasjonar med andre menneske (Drugli og Onsøyen, 2010, s. 34). Når to eller fleire personar sender budskap til kvarandre, der dei viser korleis dei oppfattar situasjonen og seg sjølv, vert denne prosessen kalla kommunikasjon.

Når ein arbeidar med menneske, vil det oppstå situasjonar der ein kan føle ein ikkje var førebudd nok eller ikkje meistra situasjonen slik ein ville. Å arbeide tett med menneske sine «problem» kan by på mange utfordringar. Grunnlaget for alle menneske er å møte dei med tillit, erkjenning og openheit. Dette vil gi eit godt grunnlag for godt samarbeid. Det er ikkje uvanleg etter å ha gjennomført ein samtale ein forventar skulle vera vanskeleg, å sitje att med ei kjensle av at det gjekk betre enn forventar (Lenchler-Hübertz og Bjerring Bagger, 2009, s. 69-70). Samtalar om vanskelege tema kan oppstå, men sjeldan heilt plutselig. Det er mogeleg å gjera mykje for å leggja til rette for eit godt samarbeid før ein blir nøydd til å snakka med foreldra om vanskar eller bekymringar (Glaser, 2013, s. 117).

### 3.2 Korleis førebu seg og gjennomføring av samtalen

Glaser (2013) peikar på fleire måtar ein kan førebu seg til vanskelege samtalar. Ved å etablere eit godt forhold til foreldra på førehand, jobba bevisst med eigen kommunikasjon og leiing under sjølv samtalen er gode føresetnadar (Glaser, 2013, s. 117-118).

Andersen (2002) framhevar at ein må førebu seg til den faglege og saklege delen, og korleis ein tek i mot foreldra. Det er og viktig å tenkje gjennom punkt der det kan oppstå fagleg usikkerheit, og tenkje gjennom kva som kan oppstå under samtalen. Spørsmål som «*kva vil du med samtalen, kva er di viktigaste oppgåva med samtalen, kva er du mest redd for, kva håpar du å få ut av samtalen*», kan hjelpe med å gjera det lettare. Det er ein god idé å tenkje gjennom slike spørsmål. Andersen (2002) påpeikar at det aller beste er å diskutera med ein god kollega. Det ein opplever som vanskeleg kan med ein fordel diskutera før samtalen finner stad (Andersen, 2002, s. 57). Nordahl, Lillejord og Manger (2013) hevdar kollegasamarbeid er sjølv ryggrada i alt profesjonelt arbeid i skulen. Her kan lærarar drøfta ulike sider ved si pedagogiske yrkespraksis. I samarbeid med kollegaer får lærarar anledning til å utvikla, vurdere og halda ved like det dei har lært i lærarutdanninga (Nordahl et.al., 2013, s. 197). Om lærar føler seg usikker, vil rådføring med kollega vera eit godt hjelpemiddel. Då vil ein kunne få innspel for å kunne sjå saka frå fleire sider, og lettare sjå løysingar.



Drugli og Onsjøien (2010) forklarar at samtalen med foreldre omhandlar ulike fasar. Læraren skal gjera førebuingar og tilretteleggingar, og tenke på start, temafase, avslutning og etterarbeid. I førebuingssfasen skal lærar leggje til rette for at samtalen skal bli god med foreldra, uansett kva ein skal snakka om. Dette krev at læraren skal setje av tid til planlegging av samtalen, både mentalt og med fokus på innhaldet. Ein blir tryggare i samtalen når ein er godt førebudd. Det er lurt å ta seg tid til mental førebuing for foreldresamtalen. Drugli og Onsjøien (2010) understrekar at det er viktig at det er ei hensikt med samtalen, der ein som læraren veit kva ein vil med samtalen og kva ein ynskjer å oppnå. I tillegg til den mentale førebuinga, må ein og førebu seg praktisk og på sakssida. Det er viktig å bestemme stad og tid der samtalen skal gjennomførast. Ein må og finne ut korleis ein inviterer foreldra til samtalen, og om fleire profesjonelle skal delta. Om fleire skal vera til stades, er det viktig å avklara kva roller dei har. Det er ein fordel å laga saksliste før samtalen. Her vil ein sjå kva samtalen kjem til å handla om i dei ulike fasane. Dette kan gjere det lettare for lærar å strukturera og leia samtalen, og konsentrera seg om å vera til stades.

Ved gjennomføring av samtalen bør ein velje eit rom der ein ikkje blir forstyrra undervegs. Om samtalen blir gjennomført på skulen, bør ein sitje diagonalt for kvarandre der foreldra vel sjølv når dei vil ha augekontakt. I møte med foreldre er det viktig å vera oppteken av sin eigen spesifikke språkbruk. Lærar må snakke slik at foreldra kjenner igjen kva som blir sagt, at ein ikkje bruker vanskelege faguttrykk. Dersom det er fleire til stades i samtalen, må alle presentera seg og kort fortelja kva deira rolle er. Det er oftast greiast at lærar er ordstyrar i samtalen. Konkrete beskrivingar av situasjonen gjer det ofte lettare å diskutera vidare (Drugli og Onsjøien, 2010)

### 3.3 Kvifor blir nokre samtalar vanskelege?

Glaser (2013) hevda omgrepet «vanskeleg foreldresamtale» blir ofte brukt når fagpersonar guar seg til å ta opp eit tema med foreldra som gjeld barnet deira. Det kan bli vanskeleg å snakka om eit tema når det kan oppstå ueinigheit mellom partane. Glaser (2013) understrekar ved å etablere eit godt forhold til foreldra på førehand, jobba bevisst med eigen kommunikasjon og leiing under sjølv samtalen fremjar samarbeidet for at det skal bli betre samarbeid (Glaser, 2013, s. 117-118).

Det kan vera ulike årsaker til at læraren guar seg til samtalen. Læraren kan mellom anna vera redd for konflikt med foreldra, der vidare arbeid med barnet kan bli hemma (Drugli og Onsjøien, 2010). Glaser (2013) påpeikar den vanligaste grunnen til at nokre samtalar med foreldre kan opplevast som vanskelege, er at foreldra blir sårbare når det blir teke opp vanskar som har med barnet deira å gjera. Samtalen blir ofte vanskeleg når foreldra går i forsvar, og dei blir då ofte irrasjonelle (Glaser, 2013, s. 120-121). Glaser (2013) forklarar vidare at læraren må vera klar over at dette er ein måte foreldra beskyttar seg mot noko som er vanskeleg. Drugli og Onsjøien (2010) påpeikar at ved at lærar viser

forståing og empati for foreldra sin reaksjon, kan lærar greie å få samtalen med foreldra over i eit spor som gjer det mogeleg å snakka saman.

Drugli og Onsøyen (2010) har ein del punkt på kva lærarar synst er vanskeleg å ta opp i samtalar med foreldre. At barnet strevar i samarbeid med andre born, fortelje foreldra om negative hendingar som har skjedd, ikkje har reint tøy, bekymra for heimeforholda, mistanke om rus, mishandling og omsorgssvikt. Generelt er det vanskeleg å snakka med andre om deira barn fordi det er personleg og privat. Nokre gongar kan den profesjonelle føla ei skyldfølelse fordi ein påfører foreldra noko som blir vanskeleg for dei.

### 3.4 Foreldresamarbeid og faktorar som fremjar godt samarbeid

Skulen skal i følge opplæringslova sørge for samarbeid mellom skule og heim. Nordahl et.al. (2013) påpeikar at foreldre har det same ynskje for barnet si læring som skulen har. Som oftast vil heim og skule ha felles mål og ynskjer, som gir gode føresetnadar for eit godt samarbeid (Nordahl et.al., 2013, s. 202).

Larsen (2013) forklara samarbeid blir som *«et forhold mellom mennesker som i respekt for hverandres forskjellige kunnskaper, ferdigheter, egenskaper og holdninger arbeider mot samme mål på grunnlag av en felles sum ressurser. Det ideelle samarbeidet hviler på gjensidig tillit og på en felles ansvarsfølelse og beslutningstagen. Det dreier seg om et likeverdig forhold»* (Larsen, 2013, s. 62).

Foreldresamarbeid er eit samarbeid mot eit felles mål for barnet sitt beste.

Det meste av samarbeidet mellom skulen og foreldre er uproblematiske, men av og til oppstår det situasjonar som kan gjera samarbeidet vanskeleg. Samtalar med foreldre er ein av dei metodane den profesjonelle tek i bruk for å fremja eit godt foreldresamarbeid. Nokre gongar kan ein slik samtale følast vanskeleg, spesielt om læraren må ta opp noko ein trur foreldra kan reagere negativt på. Det er viktig å sikra eit godt samarbeid før det blir nødvendig å ta opp eit vanskeleg tema. Det er viktig å sikre ein god samarbeidsrelasjon med foreldra før det på eit eller anna tidspunkt kan bli nødvendig å ta opp eit vanskeleg tema (Drugli og Onsøyen, 2010, s. 11) At lærar tek kontakt med heimen først er viktig, då blir foreldra inkludert og har lettare for å ta kontakt med lærar. Foreldre kan vegre seg å drøfte vanskelege saker med skulen i frykt for at det vil gå ut over barnet deira. Dermed vil det vera lettare for foreldra å ta kontakt, om læraren har lagt til rette for eit godt samarbeid (Westergård, 2012).

Det er barnet som skal vera i fokus i samarbeid med foreldre. Det er ei rekkje faktorar som påverkar kvaliteten for foreldresamarbeidet. Det er spesielt tre faktorar som spelar inn på samarbeidet. Det er kontakt, gjensidigheit og positiv kontakt som basis. Det krev eit visst minimum kontakt for at det skal

etablerast eit nært samarbeid mellom lærar og foreldre. Foreldra vil involvera seg meir til meir kontakt ein har. Det er først og fremst opp til læraren og leggje til rette for ein nært og godt samarbeid. Gjensidigheit betyr likeverd mellom lærar og foreldre, der begge partar bidreg og er like mykje verdt. Barn tilbringar mykje tid på offentlege institusjonar som skule, der foreldra og skulen vil ha ei ansvarsdeling for elevane. For at ansvarsdelinga skal fungera, vil foreldre og profesjonelle utveksla informasjon på tvers. Partane vil då ha meir kunnskap om barnet som vil komma alle partane til gode. Det er viktig å ha eit positivt fokus i samarbeidet. Positiv kontakt vil fremje eit betre samarbeid. Å ha kontakt jamt vil gjera da lettare å ta opp eventuelle vanskar som kan oppstå. Då vil den profesjonelle lettare greie å gjennomføra ein samtale utan av det skal følast så veldig vanskeleg, både for begge partar (Drugli og Onsjøien, 2010).

Mål for samarbeidet vil auke kvaliteten på dette området. Målsetningar blir vurdert til å vera avgjerande for eit godt utbytte av samarbeidsmessige og pedagogiske anstrengelsar. Derfor er det viktig å ha mål for foreldresamarbeidet (Andersen og Rasmussen, 1996, s. 75). Eit godt samarbeid med heim og skule bidreg til at skulen lukkast med sine mål, og at elevanes faglege og sosiale utvikling er betre (Utdanningsdirektoratet, 2012).

### 3.5 Rollar

Det er viktig å ha ei avklaring i rollane når ein snakkar med foreldre. Lærar må vite kva hensikta med samtalen er, vise interesse for foreldra sitt syn og vera open. Foreldra si medverknad kan vera på ulike nivå. Det lågaste nivået er når lærar skal formidle eit alvorleg budskap og dei ikkje har nokon mogelegheit å påverka slutninga. Sjølv om foreldra ikkje har mogelegheit å gjera om på slutninga, kan dei få talerett. Då får dei seie akkurat det dei vil om kva læraren har formidla, der lærar lyttar seriøst til det foreldra har å seie. På den måten kan foreldra til ei viss grad oppleve å bli teken på alvor. Det høgaste nivået inneber at foreldra har mogelegheit til å påverka kva som blir bestemt. Då kan det like gjerne vera foreldra si meining som blir teken til følge, som læraren. Foreldra har i ei slik samanheng ei partnarrolle med lærar, der dei i dialog kjem fram ei slutning (Glaser, 2013, s. 123-124). Menneske opptre i ulike rollar, der dei handlar ut frå kva dei antek blir forventa av dei (Jacobsen, 2013).

### 3.6 Reaksjonar frå foreldre

I ein vanskeleg samtale med foreldra vil læraren bevega seg inn ei sone som kan vera ubehageleg for foreldra. Foreldra er ikkje heilt sikre på kva læraren kjem til å sei, dersom ein ikkje har snakka om kva som skal takast opp på førehand av møtet. Det kan skapa usikkerheit hjå mange, der ein reagera ulikt. Foreldra vil tolke situasjonar ulikt (Andersen, 2002). Foreldre reagera ulikt etter kor villige dei er til å samarbeide og høyre på det læraren har å sei. Dei kan reagera negativt ved at dei har eit anna syn på barnet enn det læraren legg fram. Dette kan ha med at barnet endrar seg avhengig av

konteksten. Dei kan og føle seg makteslause ovanfor det problemet som har oppstått, og ikkje gjer noko med det vidare. Nokon kan og nekta for det som blir lagt fram av lærar, der dei latar som det ikkje har skjedd (Lenchler-Hübertz og Bjerring Bagger, 2009, s. 54).

Det er nokre foreldre av ulike grunnar som ikkje vil vera i dialog med læraren. Når slike situasjonar oppstår, der foreldra fungera dårleg når ein legg til rette for gjensidigheit og dialog, må lærar aktivt jobba for å bevare nysgjerrigheita og kvifor foreldra reagera som dei gjer. Nokre gongar må læraren nøye seg med ein monolog, der foreldra ikkje viser noko interesse eller reaksjonar frå det som blir sagt. Læraren må i slike tilfelle leggje til rette for at foreldra får informasjonen klart og tydeleg og inviterast tydeleg til å stille spørsmål (Drugli og Onsjøien, 2010, s. 29).

### 3.7 Etterarbeidsfasen

Etterarbeidsfasen kan ha mange formål. Denne kan bety støtte for læraren, der ein kan skapa grunnlag for ny læring. Om samtalen ikkje gjekk så godt, kan lærar ta lærdom av det og reflektera over situasjonen. Ein kan gå gjennom samtalen og finne ut kva som gjekk galt. Ein kan ta tak i dei sentrale momenta i samtalen og forsøka å belysa momenta ut frå det som var samtalens formål og bakgrunn for å gjennomføra den (Drugli og Onsjøien, 2010).

## 4.0 Empiri

Resultata frå intervjua blir presentert i denne delen. Her er det resultata frå respondentane sine tankar og erfaringar som blir beskrivne. Eg vil gi direkte sitat frå lærarane i kursiv. Her vil respondentane bli kalla lærar 1, lærar 2 og lærar 3. Dalland (2007) forklarar at det er ei empirisk undersøking når ein stiller spørsmål om korleis noko er i verkelegheita. Empiri betyr kunnskap som er bygd på erfaring. Resultata frå intervjua vil bli delt inn i kategoriar, der svaret til respondentane blir presentert. Her vil eg trekkje fram det som er viktig for problemstillinga mi.

### 4.1 Å ta opp vanskelege tema i samtalar med foreldre

Alle tre respondentane har gjennomført mange vanskelege foreldresamtalar. Dei påpeikar at foreldra kan vera sårbare, spesielt når det er snakk om barne deira. Alle kom med dømer og beskrivingar av hendingar som dei har gjennomført i samtalar med foreldre. Lærar 1 beskrev to hendingar som ho synst var vanskelege. Under den eine hendinga var sosialkontoret med under samtalen. Sidan eleven tidlegare har vore i kontakt med sosialkontoret grunna andre hendingar, var det naturleg at ein representant der ifrå styrte samtalen. Lærar 2 beskrev ulike tema ho har teke opp med foreldre, som åtferd og problem ved læring. Lærar 3 beskrev fleire hendingar, som misbruk av alkohol hjå føresette, bekymring for elev/foreldre og dårleg oppfølging i heimen til dømes.

Hovudtrekka blant respondentane var å samla inn nok informasjon om saka, og stille seg opne for at foreldra skulle få seie sitt. Ein respondent svara at det var viktig at ein ikkje sit med fasitsvaret sjølv, men at ein stilte seg open for at foreldra skulle få kome med sine synspunkt og kome fram til ei god løysing for alle. Ei løysing som var god mogelegheit for å gjennomføra.

Alle respondentane har hatt lang erfaring med samtalar med foreldre, der dei har opplevd å måtte ta opp vanskelege tema. Eg vil ikkje gå vidare inn på nokre av dei.

## 4.2 Korleis førebu seg og gjennomføring

Respondentane legg stor vekt på førebuingssfasen. Dette fordi at det er eit godt utgangspunkt vidare i samarbeidet og samtalen med foreldra. Dei understrekar at å ha vekt på hensikta og kva ein ynskjer å oppnå med samtalen, er viktige punkt i førebuingssfasen.

Lærer 1 fortel at eine hendinga skjedde andre året som lærar. Ho kjende lite til elev og føresette, og var informert frå tidlegare klassestyrar å trø varsamt. Sidan sosialkontoret tidlegare hadde samarbeid med foreldra, var det naturleg at representanten der ifrå styrte møtet/samtalen. Lærer 1: «*Eg fortalde om kva som var blitt oppdaga av skulen, men gangen vidare med tiltak og anna tok sosialkontoret seg av.*» Ho fortel vidare at i den andre hendinga førebudde ho seg med å tenkje gjennom kva som skulle seiast, men var open for at foreldra skulle få seie sitt. Sitat frå lærar 1: «*Det eg derimot var klar på, var at dette ikkje skulle bagatelliserast eller vekkforklarast*». Lærer 2 fortel at ho førebur seg alltid godt, der ho jamt tek notat frå episodar som oppstår med dato, elevresultat, uro i timar, språkbruk med meir. Lærer 3 seier ho skriv opp alt som ikkje er innafor normalen. Ho er oppteken av at elevane skal ha det bra på skulen, og er tidleg ut å ta kontakt med foreldra.

Respondentane svara ulikt om kollegasamarbeid. Dei er alle samde om at det kjem an på kva tema og situasjon som skal takast opp i samtalen. Alle seier det er nyttig med kollegasamarbeid, der ein får fleire synsvinklar av ei sak, spesielt om ein står fast. To av respondentane nyttar seg ofte av kollegasamarbeid, mens ein av dei ikkje gjer det. Lærer 1 nytta seg ikkje av det ved dei to hendingane ho har forklart, men ser stor nytte i det. Ho nyttar det om ho står fast i ei sak. «*Eg snakka ikkje med andre kollegaer, men det kan sjølvstund vera nyttig, spesielt når ein er nyutdanna eller kjem borti ein spesiell situasjon for fyrste gong*». Lærer 2 nyttar seg ofte av kollegasamarbeid ved vanskelege samtalar. Ved spesielle hendingar har ho ofte kontakt med barnevern, helsestasjon eller pedagogisk-psykologisk teneste. Dette for å ha ei betre grunngeving til foreldre. «*Gode kollegaer som eg kan samarbeida/diskutera med er viktig. Før samtalen har eg alltid gjort godt forarbeid og skreve opp det eg vil leggja fram. Viktig og i etterkant og notera det me kjem fram til.*» Lærer 3 nyttar seg ofte av kollegasamarbeid. «*Eg nyttar ofte kollegaer til å rådføre meg, og få andre innfallsvinklar eller måtar å sjå saka på. Er veldig positiv til å rådføra meg med andre når eg er usikker*».

Ved gjennomføring av samtalen svarte respondentane nokså likt. Dei er opptekne av å gjennomføre samtalen med tanke på at dei vil det beste for eleven. Viktig å leggja budskapet fram på ein god måte, og finna ei løysing som er god for alle partar. Lærar 1 kom med to konkrete dømer, der den første samtalen vart gjennomført saman med sosialkontoret, og den andre via telefon. Lærar 2 la stor vekt på å vinkle det på ein positiv måte, og leggje opp til ein god samtale med foreldra med gode løysingar for eleven, foreldra og skulen. «*Ein må ikkje leggja opp løysingar/måtar å gjera ting på som ikkje kan gjennomførast. Det øydelegg meir enn det gagnar*».

### 4.3 Kven er samtalen vanskeleg for?

Respondentane hadde ulike meiningar om kven samtalen er vanskeleg for. Lærar 1 meiner det er mest vanskeleg for foreldra, der dei ikkje ynskjer at barnet skal komme i vanskelege situasjonar. Lærar 2 meiner samtalen er vanskeleg for alle partar, men på forskjellige måtar. Det kjem an på kva tema som blir teke opp, og korleis ein vinklar det. Legg stor vekt på ei positiv vinkling. Ho legg og vekt på at løysinga må leggjast fram på ein fagleg og god måte, men formidlast på ein slik at eleven og foreldra forstår den godt. Lærar 3 tykkjer ikkje samtalan er vanskelege, der ho fleire gongar har hatt ulike situasjonar ho må ha teke opp med foreldra. «*Eg ringjer dei og seier det som det er. Eg gir beskjed raskt viss eg ser det er noko dei bør vita, ta hensyn til og då stoppar ofte problema*.» Dette vil då vera ved gjentagelsar som skjer på skulen. Elles må foreldra bli kalla inn til møte, eller ta det opp på konferansesamtale forklarar ho.

### 4.4 Reaksjonar frå foreldre

Her kjem respondentane med nok så like svar. Det er anten positive eller negative foreldre, sistnemte sjeldan. Sjølv om det er vanskelege tema det blir snakka om, reagera foreldra som oftast positivt. Dei blir gjerne letta over å ha fått snakka ut om kva som har vore vanskeleg, og fått ei ordning på det som har vore problemet.

Lærar 1 fortel ut frå dei to hendingane ho beskreib, at foreldra reagerte lite. Foreldra tok til seg informasjonen som vart sagt, der dei ikkje nekta på noko av hendingane. Elles seier ho at foreldra reagera som oftast positivt, der dei har kome fram til ei god løysing. Lærar 2 seier dei fleste foreldre reagera positivt, og er letta etter samtalen. Har òg opplevd foreldre som ikkje vil innsjå kva som er problemet, der dei har eigne løysingar. Desse foreldre er stort sett negative til skulen, der dei reagera med å gå i forsvar. Ho avsluttar det punktet med at det er heldigvis sjeldan. Lærar 3 seier mykje likt som lærar 2. Ho møter som oftast positive foreldre etter vanskelege samtalar, som ser at dei må ta seg saman og følgje opp barnet sitt meir. «*Har og møtt foreldre som ikkje vil sjå problema, men det er sjeldan. Då må dei skrive under på at dei ikkje vil gjera noko med det slik at dei sjølv har ansvar for utviklinga til barnet. Eks språkproblem, oppmeldingar osv.*»

## 4.5 Foreldresamarbeid

Respondentane ser på foreldresamarbeid likt, der dei understrekar at det er *svært* viktig å ha eit godt samarbeid med heimen, med barnet i fokus. Dei er alle samde i å trekkje fram positive sider ved eleven, om ein må ta opp noko som negativt. Å ha eit positivt forhold til kvarandre, heim/skule, i forkant av vanskelege samtalar, vil gjere det lettare for partane. Lærer 1 seier og at ein alltid skal vera venleg og imøtekommande, uansett kor mykje «trøbbel» ein elev lagar. «*Ved å vise forståing og trekkje fram positive sider med eleven, trur eg ein vil ha større sjanse til å få aksept for dei tiltak ein eventuelt skisserer, og få foreldra med på laget*». Lærer 2 seier «*Å ha eit godt foreldresamarbeid er svært viktig. Dei er dei viktigaste støttespelarane våre*». Lærer 3 legg vekt på å at ein må vera hyggeleg med foreldra, men og å vera direkte, der ein kjenner foreldra nok til å vite kva dei tåler. «*Eg trur at å vera direkte og ta ting med ein gong er viktig for foreldresamarbeidet. Og at ein ringjer heim når ting er positivt, viss det er ein heim som strevar mykje*». Til slutt legg ho til at god og tett kontakt med føresette er viktig for ho.

## 5.0 Drøfting

I denne delen vil eg drøfte empirien og kople det til teori. Dette for å sjå om det er noko samanheng mellom datainnsamlinga eg har fått frå intervju og teorien. Dette er delt inn etter tema for å svara på problemstillinga: «*Korleis kan lærar ta opp eit vanskeleg tema om eleven i samtalar med foreldre, og korleis kan ein førebu seg?*»

### 5.1 Å ta opp vanskeleg tema i samtalar med foreldre

Å ta opp vanskelege tema i samtalar med foreldre var i denne undersøkinga å ta opp ulike situasjonar/hendingar rundt eleven. Respondentane nemnte fleire tema som hygiene, åtferd, rusmisbruk, fortelje om negative hendingar som har skjedd, ulike vanskar for å nemne noko.

Glaser (2013) sin teori om at foreldra kan vera sårbare når lærar tek opp ei hending eller ein vanske som gjeld barnet og at foreldra kan gå i forsvar, samsvarar med respondentane sine svar. Hovudtrekka blant respondentane var å samla inn nok informasjon om saka, og stille seg opne for at foreldra skulle få seie sitt. Dei var og einig om at dei skulle kome fram til ei løysing som var god moglegheit for å gjennomføra, der alle partar var samde.

Der respondentane svara på kven samtalen var vanskelegast for, kom svara ut ulikt. Drugli og Onsøien (2010) understrekar det at det er interessant å reflektera over kven samtalen er vanskelegast for. Eg fekk inntrykk av at respondentane var opptekne av at dei ville det beste for eleven, og å støtte han vidare etter samtalen. Respondentane hadde ulike meiningar om kven samtalen er vanskeleg for. Lærer 1 meinte det var vanskelegast for foreldra, fordi foreldra ikkje

ynskjer at barnet deira skal kome i vanskelege situasjonar. Lærer 2 meinte det var vanskeleg for alle partar, men det var avhengig av kva situasjon det var. Lærer 3 synst ikkje det var så vanskeleg med slike samtalar. Drugli og Onsøyen (2010) har skrive om kven dette er vanskelegast for, og det samsvarar med det respondentane seier. Det kjem an på situasjonen. Glaser (2008) forklarar at omgrepet «vanskelege foreldresamtale» ofte blir brukt når fagpersonar gruar seg til å ta opp eit tema med foreldra som gjeld barnet deira. Den eine respondenten meinte samtalen var vanskeleg for alle partar, men om ein hadde etablert eit godt samarbeid tidleg med heimen, gjekk det lettare. Dette samsvarar godt med teorien eg har funne.

## 5.2 Førebuing og gjennomføring av samtalen

Respondentane er samde om å leggje stor vekt på å førebu seg godt. Det er eit godt utgangspunkt vidare i samarbeidet og for gjennomføring av samtalen. Den eine respondenten la stor vekt på førebuingssfasen, der ho tok notat med dato frå episodar som oppstod og noterte ned språkbruk og uro til dømes. Dette fordi det er viktig å ha informasjon om hendingar når ein skal formidle det vidare om det oppstår problem. Det dei og la stor vekt på var hensikta med samtalen, og kva ein ynskjer å oppnå. Dette samsvarar med teorien til Drugli og Onsøyen (2010) der dei forklarar at det er viktig at det er ei hensikt med samtalen, og ein som lærar veit kva ein vil med samtalen kva ein ynskjer å oppnå. Hovudtrekka frå respondentane var å førebu seg godt, ha eit mål med samtalen og finne ei god løysing for alle partar. Det er mange måtar å førebu seg til ein samtalen, der eg fekk inntrykk av at respondentane førebudde seg nok så likt.

Kollegasamarbeid er eit nyttig reiskap å nytte i forkant av ein samtale om læraren er usikker. Der får ein fleire synsvinklar av ei sak, spesielt om ein står fast. Her var det ulikt korleis respondentane nytta seg av det. To av dei nytta seg av det om ein stod fast i ei sak, eller trengte å rådføre seg for å få fleire synsvinklar. Den tredje nytta seg som regel ikkje av kollegasamarbeid i forkant av å ta opp vanskelege tema, fordi ho tykkjer slike samtalar ikkje er vanskelege. Andersen (2002) påpeikar at det er ein fordel å diskutera det ein opplev som vanskeleg før samtalen finn stad. Dette samsvarar med det respondentane svara, og det Nordahl et.al. (2013) understrekar med at lærar kan drøfte ulike sider med kollega for å utvikla det dei har lært i lærarutdanninga.

Det er ulike måtar å gjennomføre samtalen på. På det spørsmålet svara respondentane nokså likt, der fokuset låg på at dei vil det beste for eleven, og finna ei løysing som er mogeleg å gjennomføre. Dei la stor vekt på å leggje fram det dei skal snakke om på ein god måte. Noko alle respondentane var at ein måtte prøve å vinkle det positivt, sjølv om dette ikkje alltid var lett.



### 5.3 Reaksjonar frå foreldre

Når ein tek opp vanskelege tema med foreldre om barnet deira, beskriv respondentane at foreldra som oftast har reagert positivt og gjerne letta. Sjølv om det er vanskelege tema som blir teke opp, er foreldra letta over å få snakka ut om situasjonen, og fått ei løysing på problemet. Dei har alle opplevd foreldre som reagera negativt, og ikkje vil innsjå kva som er problemet. Slike foreldre er som regel negative til skulen. Lenchler-Hübertz og Bjerring Bagger (2009) seier foreldre kan føle seg makteslause ovanfor det problemet som har oppstått, og gjer derfor ikkje noko med det vidare. Det samsvarar òg med teorien til Andersen (2002) som forklarar at når ein tek opp vanskelege tema med foreldre om barnet deira, bevegar ein seg inn i ei sone som kan vera ubehageleg for foreldra. Der dei ikkje er sikre på kva læraren kjem til å sei. Å snakka om situasjonen på telefon før ein skal møtast kan hjelpe foreldra å tenkje over saka og vite kva møtet vil handle om. Dette nytta eine respondenten seg av. Andersen (2002) forklarar vidare at der ein ikkje har snakka på førehand av eit møte, skapar usikkerheit der foreldra vil reagera ulikt.

Foreldre er ulike, og vil derfor reagera ulikt. Respondentane la stor vekt på å vera imøtekommande og ha ei positiv innstilling, der ein møter foreldra og eleven på best mogeleg måte. Eg ser samanheng mellom det respondentane seier, og teorien eg har funne.

### 5.4 Godt samarbeid med foreldra

Respondentane er svært opptekne av å ha eit godt samarbeid med foreldra. Føremålet med foreldresamarbeid er å ha eleven i fokus, og bidra til eleven si faglege og sosiale utvikling. Dette nemnde alle respondentane fleire gonger. Dette er i samsvar med opplæringslova. Det å trekkje fram positive sider ved eleven legger spesielt to av respondentane vekt på. Å ha eit positivt forhold til kvarandre, og god kontakt før ein vanskeleg situasjon oppstår, vil gjere det lettare. Som lærar må ein alltid vera venleg og imøtekommande, dette vil gjere arbeidet betre. Ein respondent nemner foreldra er dei viktigaste støttespelarane våre.

Viktige føresetnadar for at samarbeidet skal gå bra, er at foreldre og lærar har eit likeverdig forhold. Det betyr at det er gjensidig tillit og felles ansvarsfølelse over eleven. Larsen (2013) trekkjer fram at foreldresamarbeidet er eit samarbeid mot eit felles mål for barnet sitt beste.

Drugli og Onsjøien (2010) forklarar det er viktig å sikra eit godt samarbeid med foreldra før det på eit eller anna tidspunkt kan bli nødvendig å ta opp eit vanskeleg tema, som samsvarar med det respondentane svarte i undersøkinga. Gjensidig tillit og positiv kontakt som basis sikrar eit betre samarbeid. Eine respondenten la til at det var viktig å ta kontakt med heimen om det var noko positivt eleven hadde gjort eller meistra, som samsvarar med det Drugli og Onsjøien (2010) seier om å ha jamn kontakt.

Det finst mange ulike former for samtalar med foreldre. Det er nødvendig for lærar å vita kva for ein type samtale ein planlegg og gjennomfører med tanke på kva tema ein skal ta opp. Den type samtale som respondentane helst brukte var å møte foreldra direkte. Ved eit tilfelle valte eine respondenten å ta det via telefon. «*Når ein skal ta opp eit vanskeleg emne med foreldre, er det viktig å ha eit tett samarbeid og direkte møte med foreldra*». Dette forklarte ein av respondentane. Dermed har eg fokuset mitt i denne undersøkinga vore på samtalar ein snakkar direkte med foreldre.

## 5.5 Drøfting av metode

Intervjuet skulle i utgangspunktet gjennomførast munnleg, men vart gjennomført skriftleg via e-post som eit postintervju. Spørsmåla til intervjuet vart då skrive litt annleis, men det var ikkje store endringar. Alle respondentane stilte seg svært opne for at eg kunne ta kontakt om nokon av svara på spørsmåla var uklare. Samarbeidet med respondentane var godt. Det som var negativt med postintervju, var at ein ikkje kunne stille oppfølgingsspørsmål direkte, og at respondenten tolka spørsmålet på ein anna måte enn tenkt. Dette syns eg var negativt i staden for å få å ha det munnleg, men det gjekk bra sidan respondentane stilte seg svært opne for at eg kunne ta kontakt om noko var uklart. Dette nytta eg meg av, der eg måtte ta kontakt med ein av respondentane.

Eg valde å stille spørsmåla ut frå at respondentane *har* gjennomført ein vanskeleg samtale med foreldre, sidan dette var avklart i e-postar me hadde sendt i forkant av intervjuet. Dette gjore det lettare for dei å svare ut i frå korleis dei handla i ulike situasjonar, der eg såg det i lys av teorien.

## 6.0 Avslutning og konklusjon

Det eg var ute etter i denne undersøkinga var å få svar på problemstillinga: «*Korleis kan lærar ta opp eit vanskeleg tema om eleven i samtalar med foreldre, og korleis førebu seg?*». Ved hjelp av teori og svara frå intervjuet ser eg samanhengar og kan dermed dra konklusjonar. Korleis ein skal ta opp eit vanskeleg tema i samtalar med foreldre og førebu seg, kjem an på kva situasjon og kva tema ein tek opp. Om det er noko gjentakande eleven gjer på skulen, kan ein ringje heim for å informera om det og få slutt på problema. Om det fortset, må ein avtala eit møte med foreldra. Då er foreldra allereie informert om saka, og veit kva dei vil handla om. Ved meir alvorlege tema vil det ikkje lønne seg å ta det via telefon. Då er det viktig å avtale eit møte med foreldra, der ein er godt førebudd.

Det andre spørsmålet i problemstillinga gjekk ut på korleis førebu seg. Det respondentane svara samsvarar godt med teorien eg har brukt. Eit godt førebuingssarbeid er eit godt utgangspunkt for samtalen. Her vil ein kunne vise til konkrete situasjonar, der ein stiller sterkare til samtalen. Viktig at eleven er i fokus, der begge partar vil det beste for den. Respondentane fortalte fleire hendingar om temaet. Her forklarte dei korleis dei førebudde seg og gjennomførte samtalen. Her la dei vekt på at

det var forskjell på korleis dei gjore det etter kva situasjon det var. Her kan det konkluderast med at det ikkje er noko fasitsvar på korleis ein skal førebu eller gjennomføra samtalen, men at det er forskjellige måtar ein kan gjere det på. Hovudtrekka frå respondentane var å samle inn nok informasjon der ein legg saka fram på ein god måte, med ei løysing som er best mogeleg for alle partar. Viktig at læraren har eit mål med samtalen, og ha barnet i fokus.

Undersøkinga har teke føre seg kva tre erfarne lærarar har svart, sett i lys av teori. Funna kan ikkje konkluderast til å gjelde alle lærarar i skulen, men gjev eit innblikk i at desse lærarane har dei same hovudtrekka i ein slik situasjon, som samsvarar med teorien eg har brukt. Eg ser på dette tema som svært viktig, spesielt for nyutdanna lærarar. Undersøkinga har gitt meg nyttig informasjon, der eg har fått innblikk i korleis lærarar ser på og førebur seg til å ta opp vanskelege tema om eleven i samtalar med foreldre, og anna relevant stoff innan dette temaet. Det som kom sterkt fram, var å etablera eit godt samarbeid med heimen *tidleg*, og ha barnet i fokus.

## 7.0 Litteraturliste:

Andersen, J. (2002). *Vanskelige foreldresamtaler pågår!* Pedagogisk Forum.

Andersen, J & Rasmussen (1996). *Mer foreldresamarbeid*. Oslo. Pedagogisk Forum.

Christoffersen, L., & Johannesen, A. (2012). *Forsningsmetode for lærerutdanningene*. Abstrakt forlag

Dalland, O. (2007). *Metode og oppgaveskriving for studentar*. 4. utgave. Gyldendal Norsk Forlag AS.  
AS.

Dalland, O. (2012). *Metode og oppgaveskriving*. 5. utgave. Gyldendal Norsk Forlag AS.

Drugli, M., B. & Onsjøien (2010). *Vanskelege foreldresamtaler – gode dialoger*. Cappelen Damm AS.

Glaser, V. (2013). *Foreldresamarbeid*. Oslo: Universitetsforlaget.

Jacobsen, I., D. (2010). *Fortåelse, beskrivelse og forklaring*. 2. utgave. Høyskoleforlaget.

Johanessen, Tufte og Veiden (2006). *Å forstå samfunnsforskning*. Oslo. Gyldendal Norsk Forlag AS.

Larsen, A., K. (2007). *En enklere metode*. Fagbokforlaget Vigmostad & Bjørke AS.

Lenchler-Hübertz., L., & Bjerring Bagger (2009). *Foreldresamarbeid*. Oslo. GAN Aschehoug.

I Lillejord, S., Manger, T. & Nordahl, T. (red). *Livet i skolen 2. Grunnbok i pedagogikk og elevkunnskap: Lærerprofesjonalitet* (293-313). Fagbokforlaget.

Westergård, E. 2012. Læreren i hjem-skole-samarbeidet. I Postholm, M.-B., Haug, P., Munthe, E. og Krumsvik, R. (red.) (2012). *Lærere i skolen som organisasjon*. Kristiansand: Cappelen Damm Høyskoleforlaget.

Utdanningsdirektoratet. (2012). *Bedre læringsmiljø hjem skole samarbeid*. Henta 08.04.15 frå <http://www.udir.no/Laringsmiljo/Bedre-laringsmiljo/Hjem-skole-samarbeid/Foreldres-rolle/>

Utdanningsdirektoratet. (2010). *Foreldresamarbeid i grunnskolen og videregående opplæring*. Henta 08.04.15 frå <http://www.udir.no/Regelverk/Finn-regelverk-for-opplaring/Finn-regelverk-etter-tema/Laringsmiljo/Udir-7-2010-Foreldresamarbeid-i-grunnskolen-og-videregaende-opplaring/>

## 8.0 Vedlegg

### Vedlegg 1:

#### **Informasjonsskriv til respondentane**

Eg går 3. året på grunnskulelærerutdanninga for 5.-10.trinn ved Høgskulen i Sogn og Fjordane. Eg jobbar no med ei bacheloroppgåve med tema foreldresamtalar. Eg vil setje meg inn i *korleis lærarar tek opp vanskelege tema om eleven i samtalar med foreldre, og korleis ein kan førebu seg*. Dette er eit utfordrande tema eg ynskjer meir kunnskap om. Målet med bacheloroppgåva er å få lærarar til å dela si erfaring, der nyutdanna lærarar kan dra nytte av informasjonen og erfaringane som kjem fram i intervjuet.

I denne forbindelse ynskjer eg å intervju tre lærarar. Lærarane vil bli haldt anonyme og vil bli referert som lærar 1, lærar 2 og lærar 3. All informasjon vil bli anonymisert og er konfidensiell slik at den ikkje kan knytast tilbake til skulen. Når eg er ferdig med bacheloroppgåva vil all informasjon eg har fått bli sletta og makulert. Eg ynskjer å ha med kjønn og kor lenge du har jobba som lærar i oppgåva. Informasjonen eg får ut frå intervju vil bli knytt mot relevant teori, og vera med på å forma oppgåva.

Om det er noko du lurar på, send meg gjerne ein mail: [elisabeth\\_fosse3@hotmail.com](mailto:elisabeth_fosse3@hotmail.com). Eg ser fram til samarbeidet med deg.

Med vennleg helsing

Elisabeth Fjellanger Fosse

3GLU ved Høgskulen i Sogn og Fjordane.

## Vedlegg 2.

### Intervju

*«Samtalen med foreldre er ein av dei metodane ein tek i bruk for å fremja foreldresamarbeid, og i dei fleste tilfelle fungera samtalar mellom profesjonelle og foreldre på ein god måte. Men nokon gongar vil det å snakka med foreldre bli opplevd som vanskeleg, særleg viss ein skal ta opp noko som ein trur foreldra vil komma til å reagere negativt på». (Drugli og Onsøyen, 2010, s. 11).*

1. Har du opplevd å måtte ta opp vanskelege emne i samtalar med foreldre? Vil du fortelje?
2. Korleis førebudde du deg?
3. Korleis gjennomførte du samtalen?
4. Kva for rollar gjekk de inn i? (Kven er samtalen vanskeleg for? Læraren, foreldra eller begge partar?)
5. Kva reaksjonar fekk du frå foreldra?
6. Kva har kollegasamarbeid å sei i ein slik situasjon? Nytta du deg av det i forkant av samtalen?
7. Kva har foreldresamarbeid og kommunikasjon å sei for ein slik samtale?
8. Er det noko i ettertid du tenker du kunne gjort annleis?
9. Andre kommentarar?